

Ofte stilte spørsmål ved. tilsyn og feiing av fyringsanlegg på hytter.

Ein del spørsmål er informert om i skriv som er sendt ut til alle eigarar av hytter. Dette kan du også lesa på nettsida.

Kva er bakgrunnen for ordninga:

Ny forskrift om brannforebygging fastsett av Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap 17. desember 2015 med hjemmel i lov 14. juni 2002 nr. 20 om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven). § 17 i denne forskrifta seier m.a. fylgjande:

«Kommunen skal sørge for at røykkanaler i fyringsanlegg som brukes til oppvarming av byggverk, blir feiet ved behov.»

«Kommunen skal sørge for at det ved behov blir utført tilsyn med fyringsanlegg som brukes til oppvarming av byggverk.»

Når startar tilsyn og feiing opp og i kva område?:

Vår målsetjing er å nå om lag 500 hytter i løpet av 2017. Kva område som vert starta på, er p.t. ikkje avklart men noko ein no driv med kartlegging og planlegging av.

Vil gebyret på kr. 587,50,- (2017) verte belasta årleg uavhengig av om feiaren har vore der eller ikkje?:

Ja gebyret vert belasta årleg. Feiing og tilsyn etter behov vil sei at kvart fyringsanlegg må ha ei individuell vurdering, der feiar avgjer kor ofte det skal vera feiing og tilsyn.

Feieavgifta er basert på sjølvkost prinsippet, slik at ein betalar ikkje meir enn det kostar for å få levert denne tenesta. I Voss kommune er det lik pris for feiing for bustadar og fritidseigedomar. Ein vert fakturert for feieavgifta i tre terminar med forfall 15.03, 15.06 og 15.10. , totalt kr 587,50 for 2017.

Kor ofte vil tilsyn og feiing verte gjennomført?:

Feiing og tilsyn etter behov vil sei at kvart fyringsanlegg må ha ei individuell vurdering, der feiar avgjer kor ofte det skal vera feiing og tilsyn.

Mange hytter ligg relativt langt frå nærmaste veg, korleis vert dette løyst?

Alle hytter skal få tilbod om tilsyn og feiing. Om naudsynt vert det nytta ATV eller snøscooter.

Vil tilsyn og feiing på hytter medføre at hytteeigarar må montere trinn/plattform på tak?

§ 6 i forskrift om brannforebygging seier fylgjande «Etter å ha mottatt varsel om feiing eller tilsyn, skal eieren sørge for at feieren har tilfredstillende atkomst til hele fyringsanlegget».

«Tilfredstillende atkomst» og kva eventuelle tiltak som må på plass på den einskilde fritidsbustad vil verta vurdert for kvart tilhøve.

Kor lang tid i forkant av tilsyn/feiing vil varsel verte sendt til hytteeigar?

Det er ei målsetjing at varsling vil verte sendt i god tid, minimum 14 dagar i forkant. Det vil primært verte varsla via SMS. For dei som berre har fasttelefon, vil det gå ei talemelding med same informasjon som SMS.

Vil det verte varsla tilsyn og feiing i helger og feriar, typisk vinter-, sommar- og haustferie?

Feiarane jobbar normal arbeidsveke, d.v.s. måndag til fredag. Tilsyn og feiing vil gå som normalt gjennom heile arbeidsåret.

Må hytteeigar vere tilstades?

Eigar eller representant for eigar må vere tilstades. D.v.s. at person som eigar gjev fullmakt, kan vere tilstades. Dette kan vere t.d. hyttenabo, vaktmeister, velforening.

Kva gjer eg dersom hytta mi ikkje har eldstad?

Då ber me om at du skriftleg stadfestar dette på e-post til postmottak@voss.kommune.no eller pr post til Voss kommune, postboks 145, 5701 Voss. Me treng at du oppgjev gards- og bruksnummeret, og eventuelt festenummer og seksjonsnummer på eigedommen.

Vilkår for feie- og tilsynsavgift

Vilkår for fritak for feie- og tilsynsavgift er at skorsteinsløp vert plombert eller eldstad kopla frå/attmurt. Dette skal så godkjennast feiaren. Søknadsskjema på www.voss.kommune.no